ALVER
KOMMUNE

Ragnhild Hella
Nedre Lønborg 4
5039 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | | 03.02.2021 |
| Vår: 21/1089 - 21/7690 | | |

# Vedkomande tilknyting kommunalt leidningsnett Gbnr: 433/74 - Hella

Alver kommune held no på med reperasjon og vedlikehald av det kommunale leidningsnett i dykkar område. Du/De er eigar av ein eigedom som vert berørt av vårt arbeid med vassleidningen.
Me har hatt ein gjennomgang av alle som ligg langs trassè som skal oppgraderast.
I samband med dette har me vorte merksame på at dykkar eigedom er tilknytt kommunal vassleidning.
Me kan ikkje finna at det har vore sendt inn røyrleggjarmelding/tilknytingssak på dette i vårt arkiv.
Me ber om at de kjem attende til oss med informasjon kring dykkar eigedom.

Har de tinglyste erklæringar dersom leidnigen om den går over annen manns grunn, og/eller erklæring vedk. felles solidarisk ansvar for drift og vedlikehald?

Om det skulle visa seg at dykkar eigedom ikkje har kommunalt vatn, men nyttar ei privat vassløysing må de gje oss ei tilbakemelding på dette.
Dykkar eigedom vil då ikkje verta råka av arbeidet me skal utføra.

Dersom de har hatt røyrleggjar som har søkt om tilknyting for dykk, kan manglande ferdigmelding vera årsak til at de ikkje har eit løpande vassgebyr.
Ta gjerne kontakt, så finn me ut av dette.

Dersom dykkar eigedom er knytt på ulovleg, må de kontakta ein ansvarleg røyrleggjar som sender inn søknad om tilknyting for dykk.
De vil då motta tilknytingsavgift og må betala vassgebyr for 3 år attende i tid.
(Eller frå tilkn. dato om det er snakk om ein kortare periode)

Har du spørsmål kring arbeidet på vassleidningen, ta kontakt med driftsavdelinga VA.
De kan kontakta oss på telefon: 56375000 eller på e-post: post@alver.kommune.no

Alver kommune ynskjer ei snarleg tilbakemelding, då me snart skal gå i gong med arbeidet på vassleidningen.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ragnhild Hella | Nedre Lønborg 4 | 5039 | BERGEN |